



VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Internt notat (ikkje unnateke offentlegheit)

Til:

Vidar Eltun

2975 VANG I VALDRES

TyinFilefjellhytteforum

Dykkar ref.:

Vår ref.:

THUREI - 14/1320

Arkiv:

C85

Vår dato:

15.03.2014

Referat frå kontaktmøte, TFHF og Vang kommune 10.mars 2014

Tilstades:

Harald Reimers Madsen, Vidar Eltun og Reidar Thune

Tema som vart drøfta:

- Vindkraftsaka: Avslutta; skapte dette steile frontar? Kanskje til ein viss grad, men viktig å fokusere på at det på dette punktet vart teke initiativ frå hytteeigar, som held fram, med å vurdere kva dei med sine ressursar kan hjelpe til med i Vang. Dagsaktuelt her er spørreundersøking blant hytteeigarane.
- Stifting av Valdres hytteforum: Her er det på plass eit interimstyre, og det vil etter møte i dei ulike hytteforeningane ifm påska, bli formelt stiftingsmøte etterpå. Ei målsetting for hytteforumet er å så formell status som høyringspart.
- Namnendring: Det er kome med fleire hyttevel og namnet er eller vil bli endra frå FHF TyinFilefjellhytteforum
- Kommunestruktur i Valdres: Kommunane har starta ein prosess for å realitetsorientere seg om kva som skjer på denne sektoren frå nasjonalt hald. Eit sentralt omgrep ved temaet er «robuste kommunar».
- E-16: Valdrespolitikarane arbeider for å betre standarden på vegen på fleire måtar og på ulike parsellar:
 - Oppstart Varpabrune- Smedalsosen våren 2014 med ferdigstilling 2017/18. Ønska undergang for alpinkyssing er ikkje finansiert frå partane i området.
 - Oppstart Øye Sør- Filefjell truleg i 2015.
 - Bagnskeiva har planlagt oppstart i 2015, men her er det hefta usikkerheit knytt til innspel om endring i bruk av bompengar.
- Det er sett i gang eit prosjekt om tettstadsutvikling i Vang sentrum som har prosjektfase våren 2014.
- Fullskalaøving 6.mars: Då vart det gjennomført ei stor øving med alle tre naudetatar, sivilforsvaret, JVB, frivillig hjelpeorganisasjonar og Vang kommune. Scenariet var brann på både Eidsbugarden og Fondsbu. Øvinga var vellykka. Vang kommune set

stor pris på å ha fått tilgang til i krisesituasjonar å bruke kjellarlokalet i Tyin Panorama etter positiv kontakt med sameigestyret.

- Snøscooterforsøk: Kommunen har vedteke standard føresegn for forsøksordninga, og det arbeidast vidare med å finne fram til eigna trasear. Dette krev ein omfattande prosess både ift kva miljøfaktorar som berørast og kva partar som skal høyrast. Kommunestyret behandlar rammene for vidare gang i saka 13.mars.
- Fibernett i delar av hyttefeltet på Filefjella: Dette er det no funne ei tilfredsstillande løysing på.
- Stig- og løypeplan i Tyin-Filefjellområdet: Både TFHF og kommunen arbeidar med saka. Det kom mellom anna fram at det har vore nye initiativ(utan å lykkast) ift å få klarsignal til tidlegløype rundt Otrøvatn. I den nye arealdelen som kommunestyret skal vedta for Tyinkrysset, vil det innarbeidast trasear for alpin-ski- og turløyper.

Reidar Thune
Rådmann/ referent